



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Trond Håkon Stadheim, 5557 2189

Vår dato  
25.04.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/5466 520  
Dykkar referanse

Ifølgje liste

### **Ber om innspel til tema for regional jordvernkonferanse i Haugesund 02. oktober 2017**

Som eit tiltak i nasjonal jordvernstrategi har Landbruks- og matdepartementet gitt Fylkesmennene i Hordaland og Rogaland oppdrag om å arrangere regional jordvernkonferanse i 2017. Konferansen skal arrangerast i Haugesund 02. oktober 2017.

Vårt mål er at konferansen skal vere interessant for mange, spesielt er den retta mot kommunane som planmynde, men også næringsliv, ulike kunnskapsmiljø og interesseorganisasjonar.

Konferansen vil i stort og smått handla om jordvern – kor vi skal greie å få fram at godt jordvern og nøysam hushaldering, mest handlar om god samfunnsplanlegging. Arbeidsgruppa for konferansen har utarbeidd eit forslag over ulike tema som vil vere aktuelle, men ynskjer likevel tilbakemelding/innspel om andre tema som kan vere aktuelt å ha med i programmet.

Om de ynskjer å bidra til sjølve innhaldet, til dømes halde innlegg, kan de gjerne gje tilbakemelding om dette.

Tema som arbeidsgruppa har tenkt på som aktuelle er:

- Kunnskapsgrunnlag (NIBIO held foredrag)
- Arealbruken i dei to ulike fylka, tal frå KOSTRA
- God planlegging er godt jordvern? Fortetting, byvekst/bymiljøavtalar
- Jordbruksareal er næringsareal
- Utfordringar knytt til samferdsle
- Suksesshistorier frå nokre område/kommunar
- Dei nasjonale forventingane knytt til jordvern v/ Landbruks- og matdepartementet
- Regional jordvernstrategi
- Framheve kandidatkommunane til nasjonal jordvernpris

Arbeidsgruppa vil på bakgrunn av dei ulike tilbakemeldingane lage eit program for konferansen. Vi ber om at tilbakemeldingane blir merka med referanse 2017/5466 og sendt per e-post til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) innan fredag 12. mai 2017.

Vi tek sikte på at endeleg program og påmelding kan bli lagt ut før sommaren.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Trond Håkon Stadheim  
rådgjever

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Norconsult  
Arkitektenes landsforbund  
Rogaland bondelag  
Høgskolen for landbruk og bygdeutvikling  
Jordvernforeningen i Rogaland  
Norsk Bustad- og byplanforening  
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag  
KS Vest Norge  
Naturvernforbundet  
Universitetet i Ås  
Hordaland Fylkeskommune  
Rogaland Bonde- og Småbrukarlag  
NIBIO  
Hordaland bondelag  
Asplan Viak  
Rambøll  
KS v/ Forum for kommunal planlegging  
Rogaland Fylkeskommune